

EIRA UNGDOMSLAG 75 ÅR 26. FEB. 1921 - 1996.

Historikk i samband med markering av 75-årsjubileum den 9. november 1996.

INNLEDNING (KJELDER)

ORGANISERT LAGS-ARBEID FOR UNGDOM FØR OG ETTER ÅRHUNDRESKIFTET.

Det eldste ungdomslaget vi veit om her i bygda, vart stifta i 1895 av Peder Knutsen Øverås. Laget heldt til på Åse. Laget arbeidde i tre år. Omkring 1907-08 stifta den dåverande framhaldskulelæraren Bredeli, eit nytt ungdomslag. Husnauda gjorde seg også da gjeldande og og eit skyttarhus (?) vart stilt til disposisjon, men alt gjekk istå våren 1909 da nokre av dei førande reiste til Amerika. Losjearbeidet stod sterkt i denne tida og var i mange år det som samla ungdommen. Etter ei religiøs vekkingsbølge, miste losjen mange medlemmer og dermed fanst det ikkje noko lag i bygda som hadde rett tak på ungdommen.

EIRA UNGOMSLAG BLIR STIFTA

Eira Ungdomslag vart skipa den 26. februar 1921 på Hagen i Eresfjord. Det var 25 medlemmer som meldte seg inn i laget, og før året var omme var medlemstalet oppe i 50.

Lagspengane var kr 1,- for karar og kr . 0,50 for jenter. Dette vart på siste møtet i året endra til 1 krone også for jentene.

Det første styret bestod av: Formann Ludvik Thorhus, nestformann Peder Brevik, kassastyrar Trygve Frisvoll, skrivar Olav Rød og Bladstyrar Nellie Bjørbakke. Den 19. mars samme året kom det handskrivne bladet FJORDBLOMEN ut med sitt første nummer.

Det vart nedsett ei nemnd som skulle utarbeide lover for laget, og dei la fram sitt forslag allerede på neste møte den 5. mars 1921.

Eira ungdomslag vart innmeldt i Romsdal Ungdomssamlag i mai 1921. Dei første utsendingane var Ludvik Thorhus og John Helde dei skulle dekke alle utgifter sjølve. Laget meldte seg også inn i Romsdals foredragslag og i Romsdal sogelag denne tida. Etter at eige hus var bygd i 1928 vart det halde vekkurs og laget vart innmeldt i Romsdals husflidslag.

EIGE HUS?

Laget heldt den første tida til i leigde hus rundt omkring i bygda, dette var ofte vanskeleg fordi mange forstatt var skeptiske til den frilynde ungomsrørsla. Den 22 august 1922 vart laget heilt huslaus. Spørsmålet om å bygge eige hus for laget hadde da alt vore drøfta lenge. Den eine husnemnda avløyste den andre framover. Det vart halde basar til byggfond, og det kom inn kr 494,15 .

Den 30. april 1922 var det eit viktig møte. Laget skulle få leige tomt av Martinus P. Lervold for kr 15,- for året så lenge huset stod. Eit anna alternativ var å kjøpe tomt på Husby, men etter avrøysting fekk Ljørvollmoen alle stemmene. Leigekontrakt om hustomt i Ljørvollmoen vart underskriven den 1. mai 1922.

Ludvik Thorhus som hadde vore formann fra starten, reiste til Amerika igjen og det vart halde avskjedsfest for han den 13. okt, 1923. Olav Rød overtok som formann ut året. Det som særmerker denne tida er at byggekomiteane kjem og går. Det er liten framgang i arbeidet med nytt hus, før det i hausten 1926 vart halde ei avrøysting om det i det heile

skulle byggast hus eller ikkje. Fleirtalet ville at det skulle byggast. Byggefondet var i 1927 auka til kr 5000,-

Ny byggekomite vart valt med Peder Slenes, Edvart Hånde, Johs.P.Øverås og Olav Solhjell. Olav Solhjell reite til Amerika og Martinus Nauste kom inn i staden.

Det vart vedteke at det skulle hyrast ein arkitekt til å teikne huset. Det skulle støypast murar av cement, huset skulle byggast av plank.

Huset som fekk namnet SKOGLY vart bygd etter Arkitekt Olav Rekdals teikningar av firmaet Tennøe og Skaar. Det vart finansiert av byggefondet, eit lån på 5000,-, med gåver og sjølvsagt ein stor dugnadsinnsats. Den 4. november 1928 vart det første lagsmøtet under eige tak og innvielsesfesten gjekk av stabelen den 10. november. Det var stygt ver, men mykje folk. Sokneprest Rekdal heldt festtale om undomslagsarbeid og kykjesongar/lærar Tiset fortalte eventyr og stubbar. Festen vart avslutta med folkeviseleik.

EIT AKTIVT LAG

I årsmeldinga for 1928 har daverande formann Bersvein E. Leirvoll m.a. skreve: « - laget har etter alt å dømme hatt eit av sine beste arbeidsår. Det er rekord både i lagsfolktal og innkome. Det store arbeidet med å reisa eigen heim for laget har samla oss. Laget har framleis noko motstand frå religiøst hald, men denne motstanden har minka meir og meir for kvart år. Og det står til ungdommen og lagsfolka sjølve om dei vil få denne motstanden heilt burt. »»

Av årsmeldingane kan vi sjå at det vart halde fleire foredragskveldar kvart år i det nye ungdomshuset. Ofte var desse besøkt av mellom 60 og 100 personar. Emna var ofte litteratur, språk eller andre «seriøse» tema. Ellers var det pakkefester og dansetilstelningar i tillegg til lagsarbeidet.

I 1929-30 vart det uro i laget. Det hadde bygd seg opp ei konflikt mellom formannen B.E.L. og laget om dansetilstelningane. Formannen meinte at dansen gjekk ut over det øvrige lagsarbeidet og det det førte til at dei eldre medlemmene heldt seg borte. Han tok imot attval for 1930 med det vilkåret at laget ikkje skulle arrangere dans det kommande året.

I mars kom det forespørsel frå Idrettslaget om å få leige huset til dans. Etter ei avrøysting fekk idrettslaget halde dans på Skogly og Bersvein sa takk for seg og gjekk. På ekstraordinært årsmøte vart så Johs P. Øverås ny formann.

Åra 1930 -1942 var prega av jamm aktivitet i laget. Det var skifte av formann kvart år. Av årsmeldinga ser vi at det har vore mellom åtte og tolv lagsmøter pluss tre-fire fester kvart år. Enkelte av festene gjekk til inntekt til veldedige formål som f.eks. vanføresaka. Ungdomslaget kjøpte inn bøker og hadde leseringar i gang. Bøkene vart seinare innlemma i Folkeboksamlinga i bygda. Laget har også formidla salg av skogplanter. I 1932 vart det kjøpt komfyri til kjøkkenet i ungdomshuset og i 1938 vart ein del av matsalen i kjellaren gjort istand.

KRIG OG UNNTAKSÅR

I 1940 kom krigen og med dei vanskane med å få ungomsLAGET til å gå. Det kom fleire skriv frå okkupasjonsmakta om at laget måtte gå over til «den nye tids ånd». Dette ville ikkje laget og på grunn av dette vart følgjande vedtak gjort:

«På grunn av at laget ikkje får tilvisning på petroleum, og at laget ikkje veit å skaffe ved, vert laget lagt ned til det vert betre tider».

FRED I LANDET OG NY GIV.

Allerede den 27. mai 1945 vart det halde årsmøte i Eira Ungdomslag. Ingar Hoem vart valt til formann. Huset var ille medfore. Mykje av inventaret var på bygda og dørene var ødelagt. derfor mangla det ikkje på arbeidsoppgaver for å få alt i orden igjen. Det vart bygd betre tropp og scene. Laget arbeidde hardt med å betale ned gjelda på huset. Det vart satt igang leikkurs foredragskveldar, skodespel og gymanstikk-aktivitetar. I mars 1946 feira Eira UL 25 års jubileum. I festtalen vart det uttrykt ros til føregangsmennene for ungdomslaget Ludvik Thorhus som la grunnlaget og stod for at laget vart stifta og Bersvein Leirvoll som til tross for motstand la ned mykje arbeid i laget særleg i den perioden laget bygde hus.

Aktiviteten dabba nok litt av mot slutten av førti-åra. Det ser ut til at formannsverv og øvrige funksjonar har vore noko ustabile. I 1949 var det registrert 65 medlemmer medan det i 1950 har gått ned til 24. I 1952 såg det litt betre ut. Årsmeldinga fortel om 17.mai fest med tale av lærar Mæle og 300 tilhøyrarar. I tillegg har to andre talalar gjesta laget det året. Den 5. januar vart skodespelet «På heimveg» vist i Skogly.

I 1953 vart Henrik Hånde valt til formann for første gong. Han skulle komme ti å bli valt tre gonger med eit til to års mellomrom, og la ned mykje arbeid for laget. No vart det framført skodespel kvart år og av og til fleire framsyningars. I 1953 stod «Valgsjau» på plakaten både 17. mai og 6. juni. Den 29 des. vart «Kallane i Oladalen» av Sigurd Lybeck vist. 17 mai heldt Eirik Øverås tale med 300 tilhøyrarar. Kjellaren i Skogly vart no satt heilt istand og ga ein matsal på 80 m². Det vart lagt ned mykje dugnadsarbeid.

1956 er Eira UL 35 år. Det vart halde Bjørnsonskveld den 10 november. Husmorlaget, Bondekvinnelaget og musikklaget, var med på tilstelninga. Lektor Per Amdam tala om Bjørnson som menneske. «Faderen» av Bjørnson vart vist som skodespel. 150 menneske var tilstades. Henrik Hånde er formann og han er også leiar for ein studiering i amatørteaterarbeid.

I 1957 er det notert at det er blitt ordna med fundament til veslehuset. Kjellaren i ungdomshuset vart delt av med lause skillevegger, plater som også kunne brukast til bord med laus bein under.

Det største løftet som Eira UL har gjort, utanom husbygginga på tjuetalet, må nok seiast å vere Romsdalsstemnet i 1958. Stemnet gjekk over to dager 26. og 27. juli og hadde med variert program. Skodespelet «Huskom på Haug» vart framført. Det av satt opp danseplattning i Nygjerdet og Romsdal Spelmannslag spela til dans. Søndag 27 heldt Asbjørn Øverås tale til 1200 menneske på stemneplassen i Nygjerdet. Det er kanskje den største forsamlinga som har vore i denne bygda?

I møteboka står det om førebuinga til stemmet:

«Olav Meringdal fekk fullmakt til å finne eit høveleg slakt til middag stemnedagen. Han kjøpte ein okse på 86 kg, og skar den opp ferdig til maling. Av dette vart det bruna opp 1500 kjøtkaker og sett på kjøling.»

Romsdals Budstikke skreiv rosande omtale om arrangementet etterpå. «Vellykka ungdomsstemne i Eresfjord. 1000 deltagarar laurdag, 1500 sundag. Framifrå tale av Asbjørn Øverås. Eresfjordingane greidde det og greidde det med glans. R.U sitt 57

stemne vart avvikla på ein grei og fortenestefull måte, som tener Eira UL til ære. Og vergudane skifte meining nokre timar før stemnefolket kom, det vart mildver og sol.»

Av overskotet etter stemnet vart det kjøpt inn 300 tallerknar, 100 skeier, 100 gaflar, og 90 knivar. Det vart bestillt nytt sceneteppe til ungdomshuset. I alt vart det utført ca 1000 dugnadstimar i samband med stemnet.

1958 gjekk over i historia som eit år med stor aktivitet også utover ungdoms-stemnet. Det vart øvd inn to teaterstykke og halde 5 framsyningar i alt. Attåt dette var det besøk av Mittedalen UL som viste «Den stundesløse» av Luvig Holberg. Det vart halde leikkurs, og teaterkurs. Studieringane «Vi kler oss» og «Strukturskiftet i bygdesamfunnet» vart gjennomført.

På årsmøtet 12 januar 1960 er det registrert ein nedgang fra 24 til 14 medlemmer siste året. Medlemstalet heldt seg under tjue først på 60-talet. Aktivitetar var 17. mai arrangement og dansetilstelningar, i tillegg til ungdomsmøte med lagssaker og underhaldning omlag ein gong i månaden. Det vart vist skodespel i samband med 17. mai og i nyttårshelga. «Gurijenta» Av Aasta Holt (22/5-61) og «Dei Kvinnfolka» av Oskar Bråten.(1961) 17. mai 62 stod «Kjerringnaud på Strilelandet» på programmet.

Til tross for noko lavt medlemstal er det aktivitet og planer i laget. Ymse vedlikehald av huset med maling og lakking av golv. I 1961 vart det foreslått utbygging av ungdomshuset. Ein meinte huset var for lite. Det skulle hyrast arkitekt og det skulle sendast søknad til kommunen om tilskot til arbeidet. Styremøter og medlemsmøter varte ofte til over midnatt, og dei vart rett som det var avslutta med svingom til tonane av Stjernen trio. Dei hadde øvingane sine i huset, mot å spele til dans gratis minst ein gong i året. Det hende også at andre speleføre dro opp til dans på ungdomsmøta. Eller at det vart spela gramfon. I 1964 vart Stjernen Trio midlertidig nedlagt og ei ny gruppe såg dagens lys. Dei kalla seg Ste-Re-My og spela til nyttårsdans 31.des 1964. Dansen varte til klokka 05 om morgonen. Ste-Re-My skifta seinare namn og vart til ikkje ukjendte SAYONARA:

På styremøte den 11 januar 1962, det oppe ei sak om ungdomslagets holdning til planer om nytt Samfunnshus i bygda. Dette var nok grunnen til at utbyggingsplanene for Skogly ikkje vart gjennomførte denne gongen. For å få orden på vasking og tilsyn med ungdomshuset vart det forslått at ein skulle yte ei godtgjerdsle til den som tok på seg jobben.

I 1965 var medlemstalet oppe i 75. Aksel Bueie var formann. Det vart gjennomført studiering i førstehjelp med Brit Rød som leiar. 17. mai vart skodespelet «Pengesorger» i 4 akter framført på folkefesten. I rollene var Knut Rød, Gunhild Borvik, Eivind Lervold, Paula Hånde, Asbjørg Myrvang og Svein Rekdal.

Dette året var det nye samfunnshuset ferdig og 17. mai festen vart for første gong halde der.

Ungdomshuset vart rydda og nedvaska dette året. I styreref. den 19/10-75 er det notert at «husstyret skulle sjå over huset og reparere alle manglar slik at det ikkje vart så lett vindt for kven som helst å komme seg inn der utan nøklar». Styret gjekk også ut med etterlysning av den eldste av møtebøkene og den eldste «Fjordblomen». Dette gav ikkje resultat i denne omgangen og seinare vart det lova ut 5 års gratis medlemskap i

laget til den som kunne finne att bøkene. Vi nyttar høvet til å gjenta denne etterlysninga da bøkene fortsatt ikkje er komne til rette.

MØTEBOKA

Enda det var stor aktivitet sleit styret ofte med å få enkelte av dei tillitsvalde til å gjera jobben sin. Det er anmerkt at folk kom for seint til møta eller andre «uregelmessigheter»: Ein må ha lov til å bemerke dei gode og detaljerte skildringar av møter og tilstelningar i protokollane på 50 og 60-talet.. Både det positive og negative er teke med som seg hør og bør. Her er noke tilfeldige eksempel:

- Ved planlegging av seterdans i oktober 65 ringte Harald til Magne Reitan under styremøtet om han kunne vere ordenmann på seterdansen. Han fekk eit positivt svar, dersom det ikkje trefte så ulagleg til at purka skulle grise.»
- Juledans i 1965: Kaffikokarane såg ut til å ha gjort svenske av seg, for enda klokka ½ 11 var alt øde og kaldt i matsalen og på kjøkkenet, og det verste av alt - veggane i matsalen var utlånt til byllupsbord.
- Planlegging av seterdans i 1966: Skrivaren ba så om at alle som skulle hjelpe til med noko måtte vere edru. NN våga 100 kr. på at i alle fall han skulle vere avhaldsmann den kvelden. Dei andra svara ingen ting for det skulle vel vera sjølv sagt.»
- På oppmøding frå Noregs Undomslag skal alle ungdomslag skipa til festmøte 6 nov i høve av at NU fyller 70 år. Alle var for at me skulle stelle til fest, men heller få ville hjelpa til med å få ho i stand, så noko endeleg vedtak i saka vart det ikkje.

Typisk slutt på styrereferat frå midt på sekstitallet.
 «Ellers vart det diskutert alt og ingen ting. Vi drakk kaffe i romantiske omgivelser i ungdomhuskjellaren. Til slutt vart det diskutert forlovelser, og kaffe og kaker vart servert attåt. Møtet varte i to dager til kl 00.10. Henning og Harald køyrt Magnhild heim.»

LAGSAREBID OG OPPRYDDING.

I 1966 overtok Berit Thorhus som formann. Sammen med styret tok ho fatt på ein grundig gjennomgang av hus, innbo og lagspapir. Mangt og mykje vart rydda opp i. Det vart lagt inn vatn i huset. Til denne tid hadde alt vatn vorte henta i Eira elv, så dette må ha vore ei stor lette. Lagsmøta hadde stort oppmøte. På ei underhaldningsfest i april vart det selt 217 billettar. Rauma spelmannslag m fl. underheldt.

17-mai komiteen ynskte å flytte arrangementet til samfunnshuset. Dette skapte diskusjon og styret var delt i dette synet. Det endte med at det vart folkefest i samfunnshuset og matsalg og dans på Skogly. «Bra med folk og stor stemning. Gulvet svinga faretruande då det vart dansa jenka».

Berit Thorhus flytta fra bygda sommaren 66. Ruth Steinsvoll tok på seg vervet. Ho har lagt ned eit stort arbeid for laget. Ikkje minst med skriving av møtebok og arbeidet med Fjordblomen.

Denne tida ber preg av at få vil ta ansvar for arbeidet i laget. På styremøta vart problem med uro og spetakkel på ungdomslagets møter ofte diskutert. Ein må beundre dei få eldsjelene som likevel stod på og prøvde å få til ei skikkeleg drift. Eit kurs i lagsarbeid fra RU hadde 14 påmeldte, men måtte avlysts etter 2 kveldar da det tilslutt møtte berre to personar. Meir lykke hadde ein med nyttårsballet i 66. Det vart selt 235 billettar.

«Stemninga var på topp utan at det vart noko slags spetakkel. Lensmann Sjømæling i egen høye person var tilstades mot ei betaling på kr 100,-.»

Ved overgangen til 70-åra kunne laget summere opp at det var lagt inn vatn, bygd nytt veslehus, det hadde vore mykje aktivitet med ungdomsmøte omtrent ein gong i månaden.

Hyggekveldar, filmkveldar, seterdans, juledans basar og nyttårsfest. I 1969 vart det avvikla eit leik-kurs over ei veke med 44 deltagarar. Sigmund Moen var lærer. Det hadde ikkje vore skuespel etter 1965.

Desse åra hadde det vore utført mykje vedlikehald av huset, og ma kjøpt nye respatexbord. Møteboka: 18. nov 68 : vedtok også å legge nytt belegg på kjøkkenet, samt å få noen til å pusse murpipa som nå ramler ned i ertersuppa bit for bit.

Åra fra 1970 og utover inneber ikkje mykje nytt i Eira UL. Ein prøvde å halde vedlike dei tradisjonelle aktivitetane med ungdomsmøter som no vart kalla «ungomstreff» med lagsaker, mat og dans. Men det var lite frammøte. Det er notert at det vart diskutert politikk på styremøta. Hausten 1970 starta planlegginga av lagets 50-års jubileum i 1971 det vart kjøpt ny flaggstang utanfor Skogly. Jubileumsfesten gjekk av stabelen den 27 februar 1971. Astrid Nerland hadde skreve og las prolog. Formann i RU Åshild Domås las prolog. På 17-mai festen dette året tala Sigmund Kvaløy. Det var mykje folk på folkefesten.

Medlemstalet i Eira UL var kritisk lavt i 1972 med berre 3 betalende medlemmer og 6 personar tilstades på årsmøtet. Krafttaket kom med å skipe til nyttårsball til 117 personar. Sayonara spela på ei nyrestauret scene.

I 1973 var det nystarta Grendalaget komme på banen. 17-mai arrangementet vart overlatt til dei med forslag om at overskotet skulle gå til Eresfjord Musikkklag. Med Torgeir Sørmo som formann vart det satt i sving ulike aktivitetar i laget m.a. Bygdafest med show på hausten. Ei ny pop-gruppe som kalla seg JUMBO såg dagens lys. Det var viktig å å skape regelmessige aktiviteter. Ved utgangen av året var det faktisk 93 betalande medlemmer.

SKOGLY SKAL RESTAURERAST.

Desverre var det vanskelig å få denne aktiviteten til å fortsette. Det går eit par år med stor utskiftning av styremedlemmer og formenn som trekker seg etter kort tid. På årsmøtet i 1976 blir det gjort eit oppsiktsvekkande vedtak om å melde seg ut av NU. Dette ser vi ikkje er blitt fulgt opp slik at det blei nok med det vedtaket.

Til tross for dette har styret planer om stor restaurering v kjellaren. I møteboka står det at det skal vere sprekk-panel med forhuingspapp på veggene og gitteropppheng i taket. En eldre «saloon»-stil er ønskelig.

Diskusjonen om korleis Skogly skulle bli gjekk over mange år. I ettertid får ein vel vere glad for at ikkje alt vart satt ut i livet. Det vart bestemt at taket i storsalen skulle senkast for å få betre utnytting av varmen. Materialer, glava og plater innkjøpt til dette formålet vart selt i 1977. I staden vart det satsa på å sette istand kjellaren og å få til nytt tilbygg med sanitæranlegg.

Innimellan alt arbeidet med å planlegge restaurering og å skaffe pengar, vart lagsarbeidet dreve og ein forsøkte å skape samhald i laget. 10. des 77 var det stordans med Vårsøg i samfunnshuset. Kven veit tevlingane vart avvikla og var spennande innslag på møter. I 1979 vart August Sakstad sin 70-årsdag feira. Han er laget sin einaste Æresmedlem som trufast faneberar i 17-mai toget.

DEN LANGE BYGGEPERIODEN

I 1980 startar den verkelege mobiliseringa for å skaffe pengar tilveie og for dugnad til byggearbeidet. Byggekomite og finanskomite vart nedsett. Bygdafolket støtta opp både med pengar og arbeid. Det vart teke opp lån og søkt om tilskot.

Eresfjord byggelag med Egil Arvesen, Håkon Nauste og Truls Arnesen var fagfolk som var til stor hjelp under planlegging og bygging.

Finanskomiteen fekk inn mykje pengar på mange fantasifulle måtar. Det var loppemarked, plantesalg, salg av Goksøyrgubbar og julemesse. Annlaug fekk tak i 2000 kålrotplanter som vart hausta og selt «på dørene» i bygda.

Eira UL har igjen hand om 17-mai arrangementet på 80-talet og den 17-mai 1982 kom Fjordblomen ut med nytt nummer etter mange år pause.

Teateraktiviteten vart teken opp att og den 9. april 1983 var det klart for premiere på «Den knuste Krukka» av Heinich von Kleist, til fulle hus. Gruppa reiste også til Surnadal og deltok på amatørteaterfestivalen med stykket.

Dette året (1983) vant laget frå Eira UL fylkesfinalen i Kven veit-tevlinga. Med på vinnarlaget var Kjell Ove Ernes, Martinus Leirvoll og Annlaug Berge.

Restaureringsarbeidet gjekk mot slutten i 84/85. Den 28/8-84 var det første styremøtet i kjellaren på Skogly, mellom lakkboksar og høvelspor. Eit forsøk på pakkefest i gammal stil, gav liten oppslutning. Nye ordningar med sysselsettingsmidlar gjorde at vi kunne leige snikkar til å gjere ferdig tilbygget. Annalug hadde det største arbeidet med å organisere arbeidet i desse åra og ho får æra av at arbeidet vart så raskt avvikla i sluttfasen. Byggearbeidet vart avslutta med at huset vart måla utvendig og at det vart gort ein skikkeleg ryddedugnad i 1985.

Bygdekinoren og seinare Statens filmsentral har brukt huset til filmframstilling heilt fram til først på 90-talet. Det vart til slutt så lite frammøte og ustabilt med film at det ikkje var vits i å halde fram. Det hendte også at filmframstillingane vart avlyst p.g.a. kulde.

Den økonomiske situasjonen for laget var vanskeleg med store lån og mange regningar. Det betra seg frå 1986. Da vart kjellaretasjen leidt ut til klasserom for undoms-skulen. Det vart satt igang med bingo og 17-mai gav også overskot. Kommunen gav oppstartstilskot til fritidsklubb. I tillegg vart det skipa til dans og laget tok også på seg å arrangere kulturprisutdelinga med påføljande dans med Hørkelgaiddan. Etter alle desse tiltaka betra situasjonen seg. Med faste inntekter for utelege til skulen klarte laget å betale ned gjelda. Ei ulempe ved å leige ut til skulen er den slitasjen som dette påførte huset.

FRITIDSKUBB OG DISKOTEK I SKOGLY.

Drifta av fritidsklubb eller diskotekkveldar har vore forsøkt lagt over på «den yngre garde». Det skulle imidlertid vere vaksne tilstades for å sikre at alt gjekk roleg for seg. Ungdomskulelevane organiserte sjølve kiosksalg og innhald på kveldane. Ein merkar stor forskjell på kor ivrige dei er til dette arbeidet. Det har dessutan vore vanskeleg å få så stor oppslutning om dette tilbudet at det kunne bli eit miljø for ungdommane. Det har blitt innkjøpt musikkanlegg og diskoteklys til fritidsklubben. Eit bordtennisbord har vore populært til denne aldersgruppa.

Huset med husstyre blir brukt til møte for lag og foreningar i bygda, til fest og selskapslokale og til øvingslokale for diverse rocke-band. Magne Steinsvoll er den ivrige musikaren som også er elektrikar og utfører mange utbetringer på det elektriske anlegget i huset.

Lagsaktiviteten i Eira UL dabba kraftig av mot slutten av 1989. I 1990 vart det vedteke at laget ikkje ville ta på seg 17-mai arrangementet. Det vart teke kontakt med ymse andre lag i bygda for å høyre om dei ville ta på seg arrangementet. Dermed tok laget ein kunst-pause i tre-fire år med ingen aktivitet.

I 1994 fekk Torill M. Strand henvendelse fra RU om kvar det var blitt av Eira UL. Ho tok da initiativ til å få stabla laget på føtene att. Det vart halde årsmøte, valt nytt styre og lagt planer. Det var viktig å få eit tilbod til dei yngste og dermed fekk ein starta med barnelag. Ei ivrig teatergruppe med Olav Torjuul og Terje Frisvoll i spissen satte i gang med å øve inn komedien «Flammedanserinnen». Det var premiere i februar 1995. Forestillinga trekte fulle hus og gav godt overskot. Året etter kom «Tante Jutta fra Kalkutta» på plakaten og det var også ein suksess. Gruppa får god hjelp fra Teatret vårt til instruksjon.

I jubileumsåret 1976 er Terje Frisvoll formann. Barnelagsaktivitetane er i god gjenge og laget har no fått sin eigen leikarring. Den fekk til og med vist seg fram for prinsesse Märtha Louise da ho besøkte Nesset ved opninga av Bjørnsonsfestivalen i -76. I tillegg til dans er det også formingsaktivitetar og gymnastikk.

Det er hadle basar med godt resultat og teatergruppa har starta på nytt stykke. Huset blir leigd ut til Eldretreff, 4H og andre lag som treng møtelokale. Det blir også brukt til konfirmasjonar og andre private fester og selskap.

Laget hadde i 1976 igjen ansvaret for 17-mai som vart avvikla på tradisjonelt vis. Årets talar var Fjorblomen kom ut med nytt nummer til stor glede for alle.

Jubileumsfesten er lagt til gode gamle Skogly som framstår rydda og oppshina så godt det let seg gjere. La oss håpe at denne festen kan bli til inspirasjon til fortsatt godt arbeid for laget og huset vårt.

Skreve og framført av Turid L. Øverås og Toril M. Strand under 75-års markeringa i 1996.